

Olje- og energidepartementet
v/ ekspedisjonssjef Andreas H. Eriksen og underdirektør Anja Skiple Ibrekk
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo

Bergen, 18.09.2019

Innspel til området 57.7 «Fjellene mellom Voss og Hardangerfjorden» i «Forslag til nasjonal ramme for vindkraft» NVE rapport nr. 12-2019

Vi viser til olje- og energidepartementet (OED) si høyring «NVEs forslag til en nasjonal ramme for vindkraft på land» (OED ref. 19/511). Høyringsfristen er 1. oktober 2019.

Vi sender her innspel frå Voss Utferdslag, Bergen og Hordaland Turlag, Kvam Turlag og FNF Hordaland gjeldande avsnitt 57.7 «Fjellene mellom Voss og Hardangerfjorden», s. 209, i forslaget (rapport nr. 12-2019) frå NVE. I avsnitt 57 har NVE tatt med ei rekkje områder i kategorien «nesten områder».

I høyringsbrevet frå OED, datert 1. april 2019, vert det skrive: «*Departementet ønsker innspill til NVEs forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsettes en nasjonal ramme for vindkraft i Norge*». Vi vil i dette innspelet særskilt kommentere på forslaget om ein supplerande områdekategori, «nesten områder», i forslaget frå NVE (rapport nr. 12-2019) og avsnittet 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden».

Merknad gjeldande avsnitt 57 i rapport nr. 12-2019 og forslaget om ein supplerande områdekategori: «nesten områder»

Norges vassdrags- og energidirektorat gjer greie for føremålet med «nesten områder», på s. 202 i forslaget frå NVE (rapport nr. 12-2019) og utover. I innleiinga vert det skrive: «*Dette gjør vi både for å tydeliggjøre bakgrunnen for at grensen mellom mest egnet og mindre egnet er satt der den er gjort, og for å synliggjøre hvilke områder vi anbefaler å peke ut dersom det er ønskelig å øke omfanget av områder eller eventuelt å bytte ut enkelte områder*» (vår understreking).

Vi støttar ikkje tilrådinga og forslaget frå NVE om at «nesten områda» kan inngå dersom det er ønskeleg å auke omfanget av områder eller eventuelt å bytte ut områder. Konsekvensen av forslaget på s. 202 i forslaget frå NVE (rapport nr. 12-2019) gjer at omfanget av areal som reelt er på høyring gjeld 21 større områder i Noreg. Høyringsbrevet frå OED (ref. 19/511, datert 1. april 2019) kommuniserer heller ikkje at desse areala eventuelt skulle ha funksjon som suppleringskategori, og er i så fall ikkje tilstrekkeleg klargjort for høyringspartane

dersom områda som er omtalt i avsnitt 57 skal nyttast til supplerings eller eventuell byte av områder. Vi vil difor råda frå ei slik tilnærming.

Tilnærminga med å etablere ein eigen suppleringskategori for «nesten områda» er ikkje ein del av oppdragsbrevet frå olje- og energidepartementet (OED ref. 16/3177-, datert 9. februar 2017). Hovudleveransen i oppdragsbrevet skildrar ikkje at det skal etablerast ein suppleringskategori, jf. «Del II – hovedleveranse». Vi understrekar at etablering av ein suppleringskategori – «nesten områda» – heller ikkje var ein del av det prosjektforslaget som Stortinget tok stilling til i samband med energimeldinga, jf. Meld. St. 25 (2015-2016) «Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030» og Innst. 401 S (2015-2016) «Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030».

Vi tilrår at områda omtala i avsnitt 57 er å sjå på som ekskludert frå det vidare arbeidet. Vi tilrår at desse suppleringsområda ikkje vert fastsett som del av «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

Eksklusjonskriterier og område 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden»



Kart 1 Arealindikatoren for ingrepsfri natur med buffersone 1 km innfor avgrensinga av 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden».

Eit større område med «urørt natur» dominerer i avgrensinga for området 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden». Det er satt 23 mål for miljøet som er fastsett av Klima- og miljødepartementet. Det vert nytta 95 indikatorar til å måle korleis Noreg oppfyller dei 23 miljømåla. Miljømål 1.1 «Økosystemene skal ha god tilstand og levere økosystemtjenester». Ein av indikatorane for dette miljømålet er miljøindikator 1.1.8 «Utvikling i areal av

inngrepsfrie naturområder» (Status: Dårlig, Utvikling: Negativ). Regjeringa har som målsetjing at ein skal ivareta «*større sammenhengende naturområder med urørt preg*». Avgrensinga av området 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden» er på 312 km². Arealindikatoren for inngrepsfri natur utgjer eit areal på 144,22 km², dvs. 46,22 % av arealavgrensinga for «nesten området» 57.7 i forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Tek vi omsyn til ei buffersone på 1 km – som er relevant i høve til tiltak og inngrep som kan påverke arealindikatormålet – så utgjer dette eit areal på 297,46 km², dvs. 95,34 % av arealavgrensinga. Det er difor særst vanskeleg å finne rom for vindkraftprosjekt innanfor dette avgrensingsarealet utan å redusera «*større sammenhengende naturområder med urørt preg*». I dette området er det også samanfall med andre viktige interesser som friluftsliv, landskap, naturmangfald og naturbasert reiseliv.

Miljødirektoratet viser til at det er eit kartleggingsbehov i samband med forslaget til «Nasjonal ramme for vindkraft på land», sjå s. 91 i forslaget frå NVE. Miljødirektoratet føreslår for temaet «Sammenhengende naturområder»: «Miljødirektoratet anbefaler at det utarbeides temakart som viser store sammenhengende naturområder og viktige forbindelseslinjer mellom slike områder. Dette krever blant annet kunnskap om tekniske inngrep og hvordan mennesker og dyr bruker områdene». Vi meiner det er avgjerande at dette kartleggingsbehovet vert stetta innan fastsetjing av «Nasjonal ramme for vindkraft på land».

I brev 11. mai 2015 frå olje- og energidepartementet til Noregs vassdrags- og energidirektorat vert det skrive: «Departementet ber NVE merke seg at i veileder for liten vindkraft som nå er klar for publisering, omtales "inngrepsfrie naturområder" på følgende måte: «Store sammenhengende naturområder med urørt preg har stor verdi for naturmangfold, friluftsliv og ofte landskap. Det må gjøres en konkret vurdering av eventuelle konsekvenser for slike områder

Formuleringen i veileder for liten vindkraft ble fastsatt av KLD og OED i fellesskap. Retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg og Retningslinjer for små vannkraftverk vil etter hvert bli oppdatert tilsvarende.

Departementet ber NVE legge den omforente formuleringen i vindkraftveilederen til grunn for konsesjonsbehandling av alle typer inngrep etter vassdrags- og energilovgivningen» (vår understreking).

Sjølv om tanken er at «Nasjonal ramme for vindkraft på land» ikkje skal vere prosjektspesifikk, så vil «ramma» ha prosjektspesifikke konsekvensar. Føremålet til «Nasjonal ramme for vindkraft på land» er prosjektstyring av tiltakshavarar til områder der det **kan** vere mogleg å etablere vindkraftverk. Konsesjonsprosessen etter energilova vil avgjere om det føreligg grunnlag for dette.

Det vil vere dårleg prosjektstyring å styre prosjekt til områder der det openbart vil føreliggje strid med nasjonale målsetjingar, motstrid med «nasjonale og vesentlege regionale interesser på miljøområdet» (rettleiar T-2/16), i strid med retningslinjer, instruksar og

praksis i energisaker og i strid med mål under internasjonale konvensjonar på miljøområdet. Vi meiner det er naturleg at temaet «sammenhengende naturområder med urørt preg» og arealverktøy for å identifisere slike områder inngår i vurderinga av areal og områdeavgrensingar i «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Det må gjerast ei «konkret vurdering av eventuelle konsekvenser for slike områder», jf. brev frå olje- og energidepartementet, datert 11. mai 2015. All den tid «ramma» har ein prosjektstyringsfunksjon, så er det naturleg at det på overordna nivå vert føretatt ei vurdering av moglege miljø- og naturkonsekvensar. Samstundes peiker dette på eit anna behov i prosjektstyringa: behovet for å kunne gjennomføre tilstrekkelege analysar av samla last, kumulative effektar og samanhangen som eit område inngår i for landskap, naturmangfald, kulturminner og friluftsliv.

Merknad til avsnitt 57.7 «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden»

Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden (aust for Fykkesundet, Hardanger) er skildra i avsnitt 57.7 i NVE-rapport 2019/12. Området berører Voss kommune, Granvin kommune og Kvam herad. Frå 1.1.2020 vil Voss kommune og Granvin kommune slå seg saman til éin kommune, Voss herad.


Arealet var ein del av analyseområde nr. 17. Vi meiner fjellområda aust for Fykkesundet og aust for Hamlagrøvatnet, mellom Voss, Granvin, Ålvik og Hardangerfjorden ikkje må vera ein del av det vidare arbeidet til OED med «Nasjonal ramme for vindkraft på land» grunna natur- og friluftslivsverdiane i dette området. I dette området er det nasjonale verdiar og vesentlege regionale interesser som gjer området klart ueigna for framtidig vindkraftutbygging på land. Vi er einige i NVE si vurdering, s. 209: «Eventuelle vindkraftverk i disse fjellene kan påvirke blant annet friluftsliv og landskap med stor verdi», og «En utpeking av dette området kan dermed vurderes å være for detaljert og prosjektspesifikk».

Vi ber olje- og energidepartementet leggje vekt på:

- Området vert nytta i samband med friluftsliv til alle årstider (sjå vedlagte brosjyrer frå «Fra Voss til Hardanger: Bergsdalen og Kvamsfjella»).
- Området står i samband med friluftslivsområda i Bergsdalen og Kvammafjella.
- Torfinnsheim, Nansenbu og Rosethytta er DNT-turisthytter i området (Voss Utferdslag).
- Fykkesundet er rekna som fjordlandskap med A-verdi, jf. tematisk kart «Fjordlandskap – verdi», «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021». I tillegg er sona kring Fykkesundet utvida til å omfatte areal kring Norheimsund og Øystese som «Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne», jf. framlegg til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.
- Hardangerfjorden er her rekna som fjordlandskap med A-verdi, jf. tematisk kart «Fjordlandskap – verdi», «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021».
- Fjellplatået vender mot Hardangerfjorden, som har nasjonal verdi.
- Landskapsrommet kring Hardangerfjorden og Folgefonna nasjonalpark må ivaretakast. Vi vil difor argumentere for at fjellområda mot Hardangerfjorden difor må ut av «Nasjonal ramme for vindkraft på land».
- Nasjonale verdiar og interesser som høyrer til Vossavassdraget (nedbørfeltet kring Bordalen) og verneplanen for vassdrag.

- Samla last er allereie høg i området og nye tyngre, tekniske inngrep i området er ikkje tilrådeleg med omsyn til natur-, landskap- og friluftslivsverdiar. Det er eit «*større sammenhengende naturområde med urørt preg*» rett aust for Torfinnsvatnet over Gråsida mot Bordalen og vidare mot Granvinsfjella.
- Sommarstiar: T-merka ruter frå Gjelle over Gråsida til Torfinnsheim, og frå Øvre Rong forbi Skjemmuna, forbi Torfinnshorgi til Gråsida. T-merka rute frå Ålvik til Øvre Rong. T-merka rute frå Kvanndal til Allmenningane og vidare til Rong. T-merka rute frå Folkedal til Rong.
- Vinterstid: Kvista rute kring påsketider frå Hodnaberg via Torfinnsheim til Gjelle, Bordalen, Voss.
- Fleire eldre ferdselsvegar og turruter som ikkje er merka i området (td. frå Fykse kring Gråeggi til Klyve, Kvam – frå Bjørke til Bjølsegrøvatnet, frå Ytre Ålvik til Bjølsegrøvatnet og attende til Bjølvefossen, Ålvik. Frå Fykse, via Bjørke, til Bjølvesete, Heller og Vikedal). Topptur og fottur til Karaldenuten. Tur frå Rong, til Løkjane og Grunganestølen. Fottur til Grubbafjellet(Grubben), Grønahorgi
- Johannes Lid har utført florakartlegging i Torfinnsdalen, Skjemmone og Raudskredalen. Florkartlegging med artsbelegg frå 1916 og fram til i alle fall 60-talet, Naturhistorisk museum i Oslo. Johannes Lid og Dagny Tande Lid kom i 1944 med førsteutgåva av «Norsk flora» med ei teikning av fjellvalmue på bokomslaget. Sidan 1944 har «Norsk flora» vore eit standardverket i norsk botanikk. Bokverket «Norsk flora» er framleis eit viktig bokverk for lekfolk, botanikarar og også nytta i biologiutdanninga.
- Viktige naturtypar (fleire kalkrike områder i fjell).
- Kulturminner i området (sjå vedlagt brosjyre «Nansenbu i Torfinnsdalen» frå Voss Utferdslag).
- Det er fleire blå merka turar nord og sør for Rongastovo, Bordalen (sjå vedlegg med bilete av kart over stier i dette området).
- Ruta mellom Lussand og Rong vert frå gammalt av kalla for «Saltvegen». Her vart det frakta salt på hesteryggen frå Hardanger til Rong. Stien nordover frå den blåmerka løypa er merka med 200 år gamle vardar, som er restaurert av medlemmer i Granvin Turlag.
- Vossamarsjen er et arrangement Voss Utferdslag har kvar haut med Gråsidetoppen og Timaglaset (som går igjen i Voss Utferdslag sin logo, som vart laga for over 80 år sidan; sjå eige vedlegg for «Vossamarsjen 2019»).
- Rosethytta som Voss IL eig har òg ein avtale med Voss Utferdslag, slik at hytta fungerer som ei ubetjent turisthytte. Hytta vart bygd i 1921.
- Det er 300-400 reinsdyr i området – desse vert forvalta av Hardanger og Voss reinsdyrslag. Det har pågått i større eller mindre grad sidan 1700-talet og reinsdyrslaget har ein historie som starta i 1844. Reinsdyrhytta ved Raudberget, stølen Grøno, stølene i Svortegjelet og nauset ved Torfinnsosen er knytt til denne verksemda.(Kjelde: Reinsdyrhistorie v/Aslak J. Himle, opplag 1. 12.2018).
- Området vert nytta som beite for sau.
- Det vert jakta på rype i området.

På bakgrunn av dette og tidlegare innspel til NVE, 22.10.2018 og 11.3.2019, så ber vi om at fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden ikkje inngår i OED sitt vidare arbeid med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».



57.7 «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden»


 Avgrensningslinje i forslag til «Nasjonal ramme for vindkraft på land», «nesten område» 57.7 i NVE-rapport 2019/12, «Fjellområdene mellom Voss og Hardangerfjorden».

 Avgrensning nedbørfelt for Vossavassdraget med Bordalen (Vp III, 1986)

  } «Sammenhengende naturområde med urørt preg»

 Naturtypar

 Vasskraftmagasin



Kart 2 Forslag til «nesten område» 57.7 var tidlegare del av analyseområde nr. 17.



Bilete 1 Nansenbu i Torfinnsdalen. Foto: Kjartan Haugen, kjelde: Ut.no.



Bilete 2 Steinbua ved Nansenbu i Torfinnsdalen. Foto: Richard Jacobsen. Kjelde: Ut.no.



Bilete 3 Dette var steinbua i Torfinnsdalen som vart bygd av Ola G. Lid med hjelp av sønene Johannes og Nils Lid (kjelde: Voss Utferdslag, 60 år). Lid vart omtalt av Fridtjof Nansen, som «den eneste bonde som har gått mig kvitt» (kjelde: Jon Sørensen, 1940), og ville ha han med på ekspedisjonen til Grønland – men Lid takka nei til dette då han hadde kone og barn. Her er eit bilete av Ola G. Lid framfor steinbua (omlag 1920).



Bilete 4 Johannes Lid kartla fjellfloraen i dette området over fleire tiår. Døme frå belegg i herbariet til Naturhistorisk Museum i Oslo. Frå venstre mot høgre: a) Jøkelstarr funne ved Huelvi, Gråsida, i 1914 (*Carex rufina*, i dag vurdert som VU, Nasjonal rødliste for arter 2015). b) Jøkelstarr er kartlagt fleire stader i dette fjellområdet av Lid. Håndmarinøkkel funne ved Stora Torfinnsdalsvatnet i 1917 (*Botrychium lanceolatum*, i dag vurdert som VU, Nasjonal rødliste for arter 2015). og c) Skotsk øyentrøst funne ved Eggjane i 1921 (*Euphrasia scottica*, i dag vurdert som NT, Nasjonal rødliste for arter 2015). Arbeidet er eit interessant tidsdokument og kunnskapsgrunnlag. Her føreligg det eit grunnlag for å lage lengre tidsseriar og forskingsprosjekt over utviklinga i fjellfloraen, som kan tene som eit grunnlag for nytt kartleggingsarbeid i dette området.

Med vennleg helsing

Helene Ødven
Dagleg leiar
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)

Richard Jacobsen
Styreleiar
Voss Utferdslag
(Sign.)

Kjell Inge Tufte Tyssen
Leiar
Kvam Turlag
(Sign.)

Nicolas J. I. Rodriguez
Naturvernansvarleg
Bergen og Hordaland Turlag
(Sign.)

Ørjan Sælensminde
Fylkeskoordinator
Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland
(Sign.)

Vedlegg:

Bergen Turlag. «Fra Voss til Hardanger: Bergsdalen og Kvamsfjella».

Bergen Turlag. «Kvamsfjella. Et Vestland i miniatyr».

Bergen Turlag. «Skiturer i Bergsdalen».

Voss Utferdslag. «Nansenbu i Torfinnsdalen»

Voss Utferdslag. Brosjyre «Vossamarsjen 2019».

Kartbilete Rongastovo Sør.

Kartbilete Rongastovo Nord.

Hordaland fylkeskommune (2013). Tematisk kart for «Friluftsliv», «Fjorlandskap» og «Sårbart høgfjell» i Hordaland. Tilhørende «Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021».

URL: <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/regionale-planar/smakraftplan-etter-vedtak-i-md-webutgave.pdf>

Morten Clemetsen, Lars André Uttakleiv og Ingunn Bårtvedt Skjerdal (2011). «Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap». Aurland Naturverkstad.

<https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/plan-og-planarbeid/diverse-dokument/2011-07-verdivurdering-av-landskap-i-hordaland-fylke.pdf>

Referansar:

Aslak J. Himle (2018 opplag 1). «Reinsdyrhistorie. *Voss Reinsdyrinteressendtskab 1844-1927. Hardanger og Voss Reinsdyrlag 1926-2018*».

Aud Rudsengen og Finn Loftesnes (2007, 2. opplag). «Opptur Hordaland: 276 fotturar». Selja forlag.

Dagny Tande Lid (1985). «Forventning». Aschehoug.

Innst. 401 S (2015-2016) «Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030».

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2015-2016/inns-201516-401/?lvl=0>

Innspel frå Voss Utferdslag og Bergen og Hordaland Turlag til NVE, 22.10.2018. Sjå særskilt innspel til tidlegare analyseområde 17 og det som gjeld «Fjellområda mellom Voss og Hardangerfjorden».

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201801666/2546996>

Innspel frå FNF Hordaland til NVE, 22.10.2018.

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201801666/2549885>

Johannes Gjerdåker (1999). «Levande landskap: Vossebygdene – Granvin – Nærøyfjorden». Utgjeve i høve Voss Veksel- og Landmandsbanks 100-års jubileum.

Johannes Lid og Dagny Tande Lid (2005). «Norsk flora». Samlaget.

Jon Sørensen (1940). «Fridtjof Nansens saga». Jacob Dybwads forlag.

Lasse A. Skeie (2000). «Fjellturar i Kvam frå fjord til fjell». Kvam Turlag.

Meld. St. 25 (2015-2016) «Kraft til endring – Energipolitikken mot 2030».

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-25-20152016/id2482952/>

Norsk rødliste for arter (2015). Artsdatabanken.

<https://www.artsdatabanken.no/Rodliste>

Norsk rødliste for naturtyper (2018). Artsdatabanken.

<https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

Olje- og energidepartementet. «Bestilling – nasjonal ramme for vindkraft» (Oppdragsbrev, ref. 16/3177-, datert 9. februar 2017).

<https://www.regjeringen.no/contentassets/8376df3805c346eb80af65d7cabdab0f/bestilling--nasjonal-ramme-for-vindkraft.pdf>

Oppfølgjande fagleg innspel i samband med rapporten «Nasjonal ramme for vindkraft: Miljødirektoratets anbefalinger» (M-1262) og områder i Hordaland til Norges vassdrags- og energidirektorat, 11. mars 2019. Frå Voss Utferdslag, Bergen og Hordaland Turlag og Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Hordaland.

Samson Bjørke (1985). «Folket og fjellet: Ein stølsheim i Hardanger». Risan & Larsen AS.

Sveinung Klyve (2006). «Turar på Voss». J. Grieg AS.

Sveinung Klyve (2007). «Turar i Vaksdal». Vaksdal kommune.

Sveinung Klyve (2008). «Stølsturar på Voss». J. Grieg AS.

Temakart for Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Hordaland fylkeskommune.

<https://multiconsult.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=f9a5ce9271464f0daee2cfb3719eaf32>

Voss Utferdslag (1993). «60 år: Voss Utferdslag 1933-1993». Voss 1993.

Kopi:

Voss kommune
Kvam herad
Granvin herad

Hordaland fylkeskommune

Fylkesmannen i Hordaland

Miljødirektoratet

Riksantikvaren

Klima- og miljødepartementet

Landbruksdepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet

Energi- og miljøkomiteen, Stortinget